

Hektisk førebuing til jul på Rød

07.12.2011



Fornøgde andreklassingar tek ein juletrall til slutt

Det har vore ei svært hektisk førebuing til jul på Bygdetunet
Rød i går og i dag. Vassbæring, vedhogging, lakenstrekking,
klesvask, flatbrødbaking, ljos-støyping, smørkinning, golvvask
og enda meir vart gjort unna på ein times tid fleire gonger kvar
av dagane og både før og etter arbeidsøktene har det vorte tid til
spennande forteljingar om juleførebuinga i gamaltida.
Sunnhordland Folkemuseum har som ein skjønar vore på
farten att med rollespelet sitt og i tillegg til på Rød har det
gått føre seg i Nistovetunet og Halsnøy Kloster



Handsaming av tøy var ein populær jobb

På Rød har andreklassingar frå Undarheim, Bringedalsbygda, Valen Skarveland og Uskedalen opplevd det og vi lar Kristian vera talsperson for dei 24 i den største klassen i skulen vår:

- Dette var kjekt og kjekkast var
ljoslagninga og vassberinga!
Men så var det da også 2 flinke og rutinerte pedagogar i aksjon:
Undervisningsleiar Johanne Øvstebø Tvedten og bygningsvern-
konsulent Bjørn Arne Lunde, begge med blomstrande
skodespelartalent og stor forteljarglede. Dei 2 har no halde det
gåande i 8 år etterat Tutta Laukholm starta skildringa av gamaljula
for rundt rekna 20 år sidan.

Satsinga nettopp på andreklassingar er
begrunna med at ungar i den alderen er lekne og lette
å engasjera. Det forsto ein snart på Rød i dag, for elevane
bobla over av engasjement og vilje til å få veta meir. Lærar

Hilde Bringedal og lærling Kjerstin Bredeteigen var med rette stolte av ungane sine og var begeistra for opplegget som formidlar historia på ein så levande måte. Til og med fiske av juletorsken vart levandegjort inne i stovene.

Ramma på Rød er også ideell med så mange gjenstandar frå den tida spelet handlar om og to stover som avløysar kvarandre. Men dei 2 innrømmer at dei tek til å bli litt slitne og at opplegget kanskje treng ein viss justering

Tekst og foto; Ola Matti Mathisen



Elevane var sterkt engasjerte i det som vart fortald